

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

Rita Tonning (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutval for kultur, idrett og integrering går inn for at Stortinget skal foreta ei lovendring som sikrar at også arkivmateriale fra industriverksemder blir tatt vare på.»

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale fra industriverksemndene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.»

### Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall

Indrevik sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Prosjektleiar sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til flere av føresegogene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepene arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepene arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepene *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepene *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.
5. Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale fra industriverksemndene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.